



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gøsta Hagenlund, 5764 3121

Ber om opplysningar om arbeidet med forureina grunn

Statsforvaltaren ber kommunen melde inn korleis eigedomar med forureina grunn vert handtert innan 28.10.22. Vi ber også om status for arbeidet med fagsystemet Grunnforureining. Statsforvaltaren vil invitere til fagsamling om temaet seinare i år, og tilbyr individuell rettleiing til alle som har behov.

Alle kommunane i Vestland har areal der grunnen er forureina. "Forureina grunn" er jord eller berggrunn der konsentrasjonar av helse- eller miljøfarlege stoff kan utgjere ein uakseptabel fare for menneske eller miljø. Det er forbode å grave i slik jord utan at det er gitt særskilt løyve etter forureiningsregelverket. Kommunen er den sentrale styresmaka når det gjeld å handtere søknader om graving i forureina grunn. Kommunen har med dette to hovudoppgåver når det gjeld forvaltning av forureina grunn:

1. Ha oversikt over all forureina grunn i kommunen.
2. Vurdere søknader om graving i forureina grunn.

Til punkt 1 gjeld særskilt:

- Ha oversikt over alle påvist/mogleg forureina eigedom i fagsystemet Grunnforurensning (database).
- Kunne slå opp i databasen som innlogga brukar.
- Å kunne registrere nye lokalitetar i databasen.

Til punkt 2 gjeld særskilt:

- I alle søknader om terrengeinngrep: Sjekke databasen (som innlogga brukar) eller kommunalt omsynskart om arealet må granskast for forureining
- Vurdere om kommunen eller staten bør vere styresmakt for inngrepet, samordne saksbehandlinga med Statsforvaltaren dersom det gjeld lokalitet der Statsforvaltaren er styresmakt
- Vurdere om innsendt tiltaksplan er tilstrekkeleg for å ta i omsyn mogleg/påvist forureining i grunnen
- Vurdere om tiltaksplan kan godkjennast, endrast på eller avslåast
- Føre tilsyn med gjennomføring av graving i forureina grunn
- Syte for at Grunnforurensning er oppdatert etter gjennomført tiltak

For einkvar søknad om graving der det er grunn til å tru at det kan vere forureina, skal kommunen krevje førehandsgransking. Merk at kommunen må vurdere om løyve til terrengeinngrep kan gjevest etter forureiningslovverket jamvel om inngrepet ikkje er søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

Vår generelle vurdering

Utfordringane med arbeidet med forureina grunn i kommunane varierer. Det er store manglar i kommunane sin oppfølging av forureina grunn saker. Vi har difor behov for å få tilsendt status og



kommunen sin eigen vurdering. Vi vil følgje opp og invitere kommunane til fagsamling om forureina grunn seinare i år. Det kjem nærmere informasjon om innhald og påmelding i på nettstaden vår.

Krav om innsending av opplysninger

Vi ber med dette om at de innan **28.10.2022** sender oversikt per e-post til dei ansvarlege for oppfølging av databasen Grunnforureining i Vestland ved Gøsta Hagenlund (fmsfgh@statsforvalteren.no) eller Åsmund Karlsnes (asska@statsforvalteren.no):

1. Namn og e-post til alle aktive, innlogga brukarar i databasen Grunnforurensning i kommunen
2. Namn på alle registrerte brukarar i denne databasen, men som ikkje lenger er aktive/har sluttat m.m.
3. Har kommunen ein lokal administrator for Grunnforurensning?
4. Har alle som arbeider med arealplanar i kommunen innlogga brukartilgang til Grunnforurensning? Kva meiner de manglar?
5. Namn og e-post på tilsette i kommunen som kan registrere nye eller endra data i databasen, eller som har ansvar for å godkjenne eksternt innlagte data.
6. Eigen vurdering av om kunnskapen om og eigen forvaltning av grunnforureining er tilstrekkeleg i kommunen. Dersom ikke:
 - a. Send inn ønskje om problemstilling/tema til felles fagsamling om grunnforureining
 - b. Send inn om de har døme på sak eller problemstilling kommunen kan leggje fram under fagsamling
 - c. Send inn om de ønskjer eige møte om grunnforureining med Statsforvaltaren. Vi kan tilby individuell rettleiing/opplæring via Teams.

Vi vil bruke opplysingane internt som grunnlag til forbetring av fagsystemet, som grunnlag for vidare hjelp til kommunane og som grunnlag for fagsamlinga vi vil invitere til seinare i år. Dersom de har andre spørsmål om forvaltning av forureina grunn, eller treng hjelp til vurderingar eller avgrensingar i enkeltsaker, kan de ta kontakt med Statsforvaltaren ved kontaktpersonane nemnd over.

Med helsing

Sissel Storebø
fung. miljøverndirektør

Gøsta Hagenlund
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Informasjon til kommunen om forureina grunn



VEDLEGG

Informasjon til kommunen om arbeid med forureina grunn og om fagsystemet Grunnforurensning

Kommunen sine lovpliktar om forureina grunn

Pliktar etter plan- og bygningslova

Terrenginngrep i område med forureina grunn vil til vanleg vere omfatta både av forureiningsforskrifta og av byggesaksreglane i plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter, jf. forskrift 22. januar 1997 nr. 33 om krav til byggverk og produkt til byggverk, og forskrift 24. juni 2003 nr. 749 om saksbehandling og kontroll i byggesaker. I medhald av § 93 pkt. i, jf. § 84 i plan- og bygningslova, er det påkravd med løyve ved vesentlege terrenginngrep. I samsvar med forskrift 24. juni 2003 nr. 749 om saksbehandling og kontroll i byggesaker (byggesaksforskrifta) kap. II, fell visse terrenginngrep utanfor plan- og bygningslova sitt søknads- og meldesystem. For mindre tiltak gjeld unntaka berre under føresetnad av at dei ikkje fører til fare eller urimeleg ulempe for omgjevnadene eller allmenne interesser. Byggesaksforskrifta § 7 unntek også visse tiltak som skal behandlast etter annet lovverk enn frå saksbehandling og/eller andre reglar i plan- og bygningslova. *Dersom tiltaka gjeld i påvist/mogleg forureina grunn må likevel kommunen handsame saka etter kap. 2 i forureiningsforskrifta.*

Vidare kan det ved vedtekt til § 69 i plan- og bygningslova og/eller ved reguleringssplan vere sett avgrensingar for plassering og storleik på fylling eller for planering av terrengr. Plan- og bygningslova § 68 som set forbod mot at grunn kan delast eller byggast på dersom det ikkje er tilstrekkeleg sikkerheit mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold, gjeld også dersom det er forureina grunn som medfører ein fare eller vesentleg ulempe for byggetiltaket.

Pliktar etter forureiningsregelverket

For å forenkle kommunen sitt arbeid med saksbehandlinga, er det i kap. 2 i forureiningsforskrifta lagt vekt på å harmonisere saksbehandlinga etter reglane her med byggesaksbehandlinga. **Error! Hyperlink reference not valid.**

Ved bygge- og gravearbeid i område med forureina grunn, eller i område der det er grunn til å tru at det er forureina grunn, skal kommunen syte for at det vert gjennomført undersøkingar i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 2. Tiltakshavar kan berre gjennomføre terrenginngrep i forureina grunn etter godkjent tiltaksplan frå kommunen (eller løyve frå statleg forureiningsstyresmakt). Kommunen har plikt til å stanse arbeid i forureina grunn som ikkje har løyve frå kommunen eller staten.

Vidare skal kommunen syte for at data frå undersøkingane og tiltaket vert lagt inn i fagsystemet Grunnforurensning (jf. § 2-9).

Kommunen og staten har vidare ansvar for at informasjon om påvist/mogleg forureina grunn vert gjort kjent for allmenta og forvaltninga elles. Vi oppmodar med dette kommunane til å legge inn opplysningar om kjente område med mistanke om forureining.

Pliktar etter matrikkellowverket

Forureiningsstyresmaktene (kommunen og Statsforvaltaren) skal syte for at opplysningar om forureina grunn vert vist i matrikkelen (jf. § 61 i matrikkelforskrifta). Dette vert løyst ved å gjennomføre godkjenningsprosess for lokalitet registrert i Grunnforurensning.

Avgrensingar i kommunen sine avgjerder etter plan- og bygningslova og forureiningslova

Meir informasjon vil kome under fagsamlinga, eller ved individuell rettleiing.

Kort omtalt:

- Kommunen kan ikkje godkjenne opprydding/sanering av eigedom med forureina grunn. Areal utanom sjølve terrenginngrepet kan berre krevjast sanert dersom det er fare for vidare spreiling av forureining som følgje av tiltaket.



- Oppgrave forureina masse/jord kan ikkje gjenbrukast på areal utanom tiltaksområdet. Eit "tiltaksområde" er berre arealet der tiltaket må skje, ikkje heile eigedomen/gards- og bruksnummeret.

Informasjon om databasen Grunnforurensning

Oversikt over areal der det er grunn til å tru at det kan vere forureina grunn finn ein i databasen "Grunnforurensing" (<https://grunnforurensning.miljodirektoratet.no/>). Det følgjer av kap. 2 i forureiningsforskrifta at kommunen må ha eit tilstrekkeleg tal sakshandsamarar for å kunne følgje opp pliktane etter forskrifta.

Databasen inneholder både ein offentleg del der alle matrikkelførte eigedomar er vist, og ein forvaltningsdel som berre er synleg for innlogga brukarar. Kommunen må difor ha eit tilstrekkeleg tal innlogga brukarar slik at alle som arbeider med arealsaker er kjent med registrerte eigedomar.

Saksbehandlar i kommunen får brukartilgang til databasen ved å sende e-post til grunnforurensning@miljodir.no og be om tilgang.

Kommunen har plikt til å registrere og halde ved like informasjon i Grunnforurensning jf. forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) § 2-9, fjerde ledd. For å vareta denne oppgåva er det nødvendig å kunne bruke databasen Grunnforurensning.

Grunnforureining vert administrert av Miljødirektoratet, og viser eigedomar der det er registrert eller er grunngitt mistanke om forureining i grunnen. Databasen er eit viktig verktøy for kommunen både som plan- og forureiningsmynde, og som eigarar/brukarar av eigedommar. Opplysningane i databasen blir overført til matrikkelen, og skal bidra til å forhindre spreiing av forureining.